



Jobbnorge ID: 245242

Deadline: 5/26/2023

Website: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Scope: Part time

Duration: Permanent

IT-assistent ved UiB

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

IT-assistentar - deltid

IT-assistentane er IT-avdelinga sitt ansikt i møte med andre studentar på heile UiB. IT-assistentane er vanlegvis studentar med gode IT-kunnskapar og serviceinnstilling som arbeider ca. 10-12 timer i veka ved sida av studiet. Derfor oppmodar vi studentar til å søkje.

Arbeidet er organisert som ein turnus. Omfang og tider kan, innanfor rimeleg omsyn, variere etter behov og ønske. IT-assistentane har eigen arbeidsplass med PC.

Vi har pr i dag 4 ledige stillingar, det kan og bli aktuelt å tilsette fleire.
Oppstart i uke 32 eller 33 etter avtale.

Arbeidsoppgåver:

- Tilsyn med teknisk utstyr i auditorium og undervisningsrom og brukarstøtte til brukarar av dette utstyret.
- Tilsyn med datamaskiner og skrivarar i PC-stover. Enklare teknisk driftsarbeid med PC-ar, skrivarar og nettverkskabling/-komponentar.
- Brukarstøtte og hjelp til studentar.
- Informasjon og rettleiing av brukarane. Formidling av informasjon mellom brukarane og IT-avdelinga/fakulteta
- Ta del i forbetringar og utvikling av IT-tenestene for studentar saman med IT-avdelinga og fakulteta.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Du må minst vere i ferd med å fullføre ein bachelorgrad
- Du må vere løysingsorientert og praktisk anlagt
- Du må jobbe godt i team
- Vi krev god generell teknisk kunnskap, og kunnskap om Windows (gjerne også Mac eller Linux) og programvare. Like viktig er det med ei generell positiv og serviceinnstilt haldning. IT-avdelinga vil gje opplæring i dei konkrete arbeidsoppgåvene og i rutinar, reglement m.m. som er aktuelle.
- Dei som skal tilsettast må kunne snakke norsk flytande.
- Det er et ønske at søkjar har kjennskap til UiB og UiBs tenester.
- Jobben passar for studentar med interesse for IT og god røynsle med PC-bruk. Ein må ha grunnleggande IT-forståing og -kunnskapar, men treng ikkje IT-utdanning.

Vi vil leggje spesiell vekt på personlege eigenskapar som gjer søkjarane skikka til stillinga.

Andre kvalifikasjonar som blir vektlagt

- Erfaring frå serviceyrke
- Erfaring med å samarbeide med andre, og kunne jobbe sjølvstendig.

Vi tilbyr:

- Deltidstilling som tekniskar (kode 1090) med løn kr. 378 300 brutto i 100% stilling. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllende opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Guro Wågan, telefon: 41514076, e-post: guro.wagan@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Sentraladministrasjonen gjev råd og bistand til leiing og fakultet ved Universitetet i Bergen. Sentraladministrasjonen er organisert i sju avdelinger. Les meir om IT-avdelinga [her](#).

Additional information

Place of service:

Kalfarveien 31 5018 Bergen (Bergen Municipality)